

Heimelaga Filologi

Måfabidne har vår kjære Spurvis bede meg greida ut om. Men det kan eg ikkje. Eg har aldri visst om at det fanst eit slikt ord. Ikkje kan eg få hjelp i ordbøker heller. Men ein medarbeidar kjenner ordet «bidne». «Har du noko slikt i bidnene dine?» kan folk finna på å spyrja sume stader i Sunnhordland. I slike samanhengar skal bidner vera omlag det same som «tøler». Ordet må vera eit hokynsord å døma etter fleirtalsformi, «ei bidne» må det vera.

Men kva ordet kjem av, tykkjest meg gåtefullt. Det er vanskeleg å finna noko meining i å binda det saman med verbet «bidna» for binna. I so fall måtte det vera tenkt på saker som folk hadde i knyter. Då var det på sett og vis bunde inn.

Men det kunne vel og tenkjast at det har samanheng med verbet å bida, i tydingi finnast til. «Ne trengst det at kvar den neve her bid», skriv dikteren. I so fall ville tydingi tvanglaust verta eignaluter, eller det som finst hos ein kvan. Eller altso tøler.

Måfabidne måtte i so fall vera det same som «stille-saker» eller gagnlause greier. Det finst nemlig eit ord som heiter måfabverk og det tyder gagnlaust tilbeid.